



.....

Født den

Døpt den

I

Fadrar

.....

.....

Etikett til innramma dåpsminne.



DÅP

.....

Født den

Døpt den

I

Fadrar

.....

.....

Gratulerer med dåpen!

Dåpen er den same både når eit spedbarn, ein ungdom eller ein vaksen blir døypt: Alle treng å høyre til. Born treng ein familie. Ungdom treng gode venner og trygge vaksne. Eldre treng framleis ein plass i fellesskapet. Dåpen handlar om å høyre til i kyrkja, blant venner og familie, i naturen og i Guds store samanheng.

Du vart døypt i namnet til Faderen og Sonen og Den heilage ande. Dette er det kristne mysteriet. I det vesle «dåpsbadet» trur vi at den treeinige Gud rører ved oss og gir oss nytt liv.

«Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.»

Truvedkjenninga handlar ikkje berre om at Gud skapte verda ein gong for lenge sidan. Gud skaper kvar gong eit frø blir sådd og eit liv blir født. Guds vilje skjer når venner møtast, og når uvenner blir forsona. Gud held fram med å skape i oss når vi høyrer evangeliet om Jesus.

«Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, ... krossfest, døydde og vart gravlagd, ... stod opp frå dei døde tredje dagen.»

Dåpsvatnet er eit teikn på at Gud kan vaske livet vårt og frelse oss frå synd. Når vi blir døypte, høyrer vi til i eit nytt fellesskap. Her kan vi vere i lag sjølv om vi ikkje kjenner kvarandre frå før.

«Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.»

Dåpen gjeld heile livet, frå vogge til grav. Dåpslivet toler motgang og forandring. Du får vere deg sjølv og Guds barn midt i alle forandringane.

Alle som blir døypte, skal ha to eller fleire fadrar. Det er eit symbol på fellesskapet i kyrkja. Vi skal «leve og vekse i den kristne trua» i lag med andre. Tru er meir enn djupe, personlege kjensler og heilag overtiding. Å tru er å leve det vanlege livet med eit større perspektiv enn berre det som er fornuftig. Den som er kristen, skal lytte til evangeliet, bruke sakramenta og tyde dei kristne symbola.

Du og ein fadder eller venn kan prøve ut slike trushandlingar i kyrkja. De kan møtast nokre gonger i året og gå på gudsteneste, ikkje berre i jula, men kanskje i påska, i pinsa eller ein heilt vanleg søndag.

Noko av det som skjer i kyrkja, kjem du til å oppleve positivt, andre ting reagerer du kanskje negativt på. Begge delar kan vere med og gjere den kristne trua di sterkare og meir levande.

Til lukke med dåpslivet.